
Saksnr: 2021/6002-27
Saksbehandlar Silje Lyngstad
Dato: 11.10.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesordførar

Fylkesutvalet sin rådveldekonto

Referatsaka er satt på sakskartet av fylkesordførar.

Saka er med dette lagt fram utan saksutgreiing. Dette inneber at administrasjonen ikkje har gjort vurderingar av innhaldet, og at saka ikkje er kontrollert eller godkjent av fylkesdirektøren, jf. kommunelova § 13-1 tredje ledd.

Fylkesordføraren har denne hausten vore invitert til å delta på to ulike arrangement. I samband med deltakinga har fylkesordføraren gjeve ei pengegåve til kvart av arrangementa.

KnarvikMila markerte i år 40 års jubileum, og fylkesordførar fekk signal om at ei påskjønning ville verte sett stor pris på. Fylkesordføraren gav kr. 10 000 i gåve til arrangementet, med klar melding om at det skulle nyttast på dei frivillige. Gåva vart teken frå fylkesutvalet sin rådveldekonto.

Den 16. oktober vart fylkesordføraren invitert til kick off og opning av klubben Reodorklubben i Breim (RIB). RIB er etablert av ei interessegruppe i Gloppen og har som formål å legge til rette -og fremje interessa for handtverk og yrkesfagleg aktivitet for born og ungdom frå 6 år og oppover. RIB er ei foreining utan økonomisk formål og er drive på frivillig basis. Arrangementet i Gloppen var startskotet for fleire Reodorklubbar som fylkeskommunen gjennom opplæringskontora støttar heilhjarta, då dette vil stimulera statusen til yrkesfag.

Fylkesordføraren gav kr. 5000 i påskjønning til RIB. Gåva vart teken frå fylkesutvalet sin rådveldekonto.